

# TEMA: UTDANNING



**SNART VIDAREGÅANDE ELEVAR:** Sidan niande klasse har tiandeklassingane på Nore Neset ungdomsskule fått brei kunnskap om programfaga dei kan velja mellom. Foto: Sofie Bugge

## – Dette er det **største valet** vi har stått overfor så langt

Tiandeklassingane opplever det vidaregåande skulevalet som både viktig og utfordrande. Bak valet mellom dei totalt 15 utdanningsprogramma, ligg mykje kunnskap, men óg usikkerheit.

### › Sofie Bugge

**D**et som er utfordrande er at det finst så utruleg mange val, skular og kryss-løp, at ein kan enda med å stå litt fast. I utdanningsval på skulen har vi fått grundig informasjon om alle programma som finst, fortel Emma (15).

– I tillegg har vi lært kva for gode, personlege eigenskapar vi har, og kva for yrke dei kan passa til, legg Johan til.

– Korleis opplever de å få så mykje informasjon rundt valet?

– Det er både hjelpsam og stressan-



de. Eg vingla veldig i starten, nettopp fordi det er så mange moglegheiter, men vi har lært at det går jo alltid an å ombestemma seg, held Emma fram.

### Vårens viktigaste val

Dei er alle einige i at det er eit viktig val dei står overfor.

– Det er ein del av framtida di du vel, så ja, det er veldig viktig, meiner Emma.

Henrik meiner ein er ganske ung når ein for første gong vert stilt over-

**REFLEKSJON:** Ungdomane me snakka med har alle vald forskjellig. Foto: Sofie Bugge



for eit slikt val, og må velja ei retning.

– Vi er jo ikkje vaksne ein gong, og veit ikkje kva vi egentleg vil.

Elevane fortel at det på den eine sida er nødvendig å få informasjon om moglege retningar for å ha nok kunnskap til å ta dette viktige valet, men det kan og føra til mange tankar i hovudet, og ei kjensle av stress.

#### Fann fram til draume-linja gjennom utdanningsval

For Vilde Kristine har utdanningsval-faget gjort at ho fann fram til den linja som passar ho best.

– Eg visste at det finst musikklinjer, men det var gjennom utdanningsval eg fann fram til musikklinja på Langhaugen, fortel ho.

– Musikk er ei stor interesse, og det hadde vore gøy å få ein jobb innanfor det.

– All den nye kunnskapen har på sett og vis gjort valet vanskelegare. Men på den andre sida visste eg veldig lite om vidaregåande-valet før utdanningsval-faget, så det har definitivt vore hjelpesamt, legg Emma til.

På skulen er det mange som trivst godt med praktisk arbeid. Både Henrik og Alexander trur ei yrkesfagleg utdanning vil passa dei best.

– Eg valde yrkesskule fordi eg

ikkje såg for meg vegen etter vidaregåande, og er litt lei skule, fortel Henrik, som har sett seg ut TIP-linja på Os vidaregåande skule.

– Det er eg einig i, seier Alexander, som vil søka naturbruk på Fusa vidaregåande skule.

– Viss du ikkje har nokon plan er det mykje betre å ta yrkesfag og koma deg i jobb i staden for å stå der utan noko plan etter vidaregåande, meiner han.

#### Korona gjorde delar av hospiteringa vanskeleg

Som del av utdanningsval-undervisninga drar elevane på hospitering på vidaregåande skular for å få betre innsyn i korleis kvardagen der er, men grunna korona har ikkje alle fått besøkt dei skulane dei ønskte.

– Eg skulle gjerne ha dratt på Stend, fordi eg synest linja deira med handball eller breiddeidrett verkar spennande, men hospiteringa hos dei vart avlyst, fortel Emma.

Istaden kom Stend vidaregåande til dei, men Emma trur ikkje det gav det same biletet som ei vanleg hospitering ville ha gjort. Som alternativ drog ho på Fusa vidaregåande skule, for å få eit liknande innblikk.

– Då fann eg egentlig ut at eg ikkje ville gå på Stend, men heller vil ta sikte på Os gymnas.



Slåtthaug vgs.  
Vestland fylkeskommune



Ønskjer du ein meningsfull arbeidsdag der du jobbar med menneske? Framtida treng deg.

**Velg Helse- og oppvekstfag!**

Vil du jobbe med teknologi og energi? Framtida blir elektrisk og full av spenning! Følg straumen.

**Velg Elektro og datateknologi!**



Er du kreativ og liker å bruke hendene? Vil du bli med vårt BA-lag og sjå konkret resultat av arbeidet du gjer?

**Då bør du velje Bygg- og anleggsteknikk!**

Ønskjer du å arbeide med teknikk og mekanikk? Er du interessert i framtidens teknologi? Ny industri skal byggjast i det grøne skiftet og det vert mange nye arbeidsplassar!

**Industrien treng deg, velg Teknologi- og industrifag!**



Det er stort behov for deg i framtida!  
**Framtida treng deg!**

Scan for skulekatalogen vår



# HOVUDOPPTAK

for privatskulane  
i Bjørnafjorden kommune

Felles søknadsfrist: 15. februar.

Vinnes Friskule: <http://www.vinnes-friskule.no/>

Hålandsdalen Montessoriskule: <http://www.hmskule.no/>

Strandvik Montessoriskule: <http://strandvikmontessori.no/>

Elevane i private grunnskular har rett til gratis skuleskyss etter opp-  
læringslova sine reglar innanfor kommunegrensa der eleven er busatt.

